



Gunnhildur Björnsdottir, landbrukspraktikant frá Island

**Gunnhildur Björnsdottir, frá Borgarfjörður på Island, har som leik i utdanninga si ein månads landbrukspraksis i sauefjøsset til Ragnhild Tennebekk Bjørke og Olav Hjetland Bringedal på Myklebust.**



Det nærmar seg

Ho går fyrste året på ei toårig line på Landbónáðaháskóli Íslands, som utdannar agronomar. Når praksisen her er unnagjort, skal ho ha ein månads praksis med sau og lamming i heimlandet, før skulegangen tek til att. Høgskulen legg vekt på både teoretisk og praktisk kunnskap, men det er berre fyrste året dei vert plasserte i praksis på gard borte frå skulen. Andre året vert det praktiske utført på skulen, der dei har sau og storfe på fjøset. Hest er eit viktig husdyr på Island, og det er stall på skulen, der elevane kan leiga plass for eigne hestar, som og vert ein del av undervisninga. I løpet av andre året skal kandidatane mellom anna gjennomføra temjing av hest, noko som vanlegvis vert gjort når hestane er 4 år gamle.

Utanom sjølve husdyrbruksfaga, som inkluderer fôring og stell, inngår undervisning i andre jordbruksfag - dyrkingsmetodar, gjødsling og bruk og stell av ulike maskiner som vert nytta i landbruket. Også her er det praktiske ein viktig del.



Gunnhildur er ei røynd jordmor

Gunnhildur kjem ikkje frå gard sjølv. Besteforeldra, som bur like ved, har gard, og det er her ho har fått vera med sidan ho var lita. Dette har utvikla interessa for landbruk/husdyrbruk, og ynskjet om ein yrkeskarriere på gard. Favorittdyret er hest, men – som i Noreg – er ikkje hesten det dyret som har best inntekspotensiale, så det vert nok hovudvekt på dei drøvtyggande dyra, samt det å driva jorda. I Noreg har me mange, og ganske ulike sauerasar. Gunnhildur fortel at på Island vert det satsa meir på ein type sau som er meir robust enn mange av dei større norske rasane, og klarar seg betre sjølv. Den islandske sauven liknar mykje på gamal norsk spæl, men er noko betre kjøtsett. Sjølv om den islandske sauven er robust, vert han no til dags stort sett halden inne og fôra og stelt på verste vinteren – fram til lamminga er overstått. Det er ofte store sauefjøs, og ganske moderne, automatiserte løysingar.



Det er viktig med tidleg – og svært så direkte – kontakt mellom søye og lam

Gunnhildur har funne seg vel til rette på Myklebust, og likar godt å få stella sau og ta del i det som går føre seg, sjølv om det kan vera svært travelt, og med mykje nattevaking. Stemninga i fjøset under travlaste lamminga er noko for seg – det er mest så ein kan verta avhengig.

Olav og Ragnhild hadde ein mannleg praktikant frå Island i lamminga i fjor vår. Dei kan skriva under på at dei kan det praktiske, at dei har gjort svært god nytte for seg. Dei vil gjerne fortsetja med denne ordninga. Dei er spesielt imponerte over korleis Gunnhildur handterer fødsjar, og kor flink ho er til å få søyer med einskiltlam til å akseptera fosterlam. Dette kan ofte vera ei stor utfordring.

Tekst og foto: Svein Rimestad  
Nett: Thor Inge Døssland